



DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/850-

28. mars 2022

Svar på dokument 8:127 S om å avskaffe fylkesnemndene som instans i sosial- og barnevernssaker

Eg viser til representantforslag 127 S frå Silje Hjemdal, Per-Willy Amundsen og Tor André Johnsen datert 3. mars 2022. Representantane har følgende forslag:

1. Stortinget ber regjeringen foreta en evaluering av hvordan de ansvarsområdene som i dag tilligger fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, best kan overføres til domstolene.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag til lovendringer for å avvikle fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og overføre til domstolene de oppgavene som i dag tilligger fylkesnemndene.

Eg er som barne- og familieminister opptatt av å sikre barns rettstryggleik og fylkesnemnda sin moglegheit til å ta avgjerder til barns beste. Eg er ueinig med forslagsstillarane, og meiner det ikkje er behov for verken å evaluera eller å fremme forslag om lovendringar for å avskaffe fylkesnemndene. Eg viser til at Særdomstolsutvalet foreslo i NOU 2017: 8 mellom anna å leggja ned fylkesnemndene, og flytte barnevernssakene til tingretten i første instans. Erna Solbergs regjering med justis- og innvandringsminister Tor Mikkjel Wara (FrP), valde i si oppfølging av utvalets forslag ikkje å gå vidare med dette forslaget. Bakgrunnen for dette er ønske om å hegne om rolla til domstolane som kontrollør av forvaltninga i barnevernssakene. Regjeringa sitt ønske var at ordninga med eit forvaltningsvedtak før eventuell behandling i domstolane skulle bestå.¹

¹ Pressemelding nr. 7 - 2019 frå Regjeringa Solberg.

Eg vil og vise til mandatet til Barnevernsetvalet som er nedsett for å vurdere tiltak for å styrke rettstryggleiken i alle ledd av arbeidet til barnevernet, frå undersøkingfasen til ettervernsfasen. I dette inngår å sikre riktig myndigheitsutøving og grunnigve, etterprøvbare avgjerder på alle nivå i barnevernet. Mellom anna skal utvalet vurdere behovet for, og eventuelt foreslå tiltak, med omsyn til:

- kvalitetssikring av vedtaksgrunnlaget til barnevernstenesta, vurderingar og avgjerder, gjennom større grad av etterprøvbarheit, kontroll og openheit.
- kvalitetssikring av vedtaksgrunnlaget til fylkesnemndene, inkludert ordning for andrehandsvurdering av akuttvedtak, og dessutan tiltak som kan bidra til større openheit om arbeidet til fylkesnemndene.

Utvalet skal levere si utgreiing i mars 2023. I lys av den nylege vurderinga av Særdomstolsutvalet, og medan ein ventar på på Barnevernsetvalet sin NOU, meiner eg det ikkje er hensiktsmessig med ei ny vurdering av problemstillinga no.

Forslagsstillarane viser til ein dom frå Oslo tingrett der ein barnevernsleiar blei frikjent for å ha forsøkt å påverke eit vitne i ei fylkesnemndsak. Eg vil understreke at dei som vitner for nemnda uansett har plikt til å forklare seg og å fortelje det som er sant. Det er påverknad av vitner som ikkje er straffbart, i følgje dommen. Ei bevisst, usann forklaring er forbunde med straffeansvar, også i nemndene. Eg meiner likevel mykje talar for at fylkesnemnda og bør omfattast av straffebodet om å påverke vitner i § 157 i straffelova.

Straffelova er Justisdepartementet sitt ansvar. Denne problemstillinga vil eg ta opp med Justis- og beredskapsministeren. Eg meiner at dette i seg sjølv ikkje er eit argument for å avvike fylkesnemndene.

Med helsing

Kjersti Toppe